


Årsmelding 2020

Foldnes sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Foldnes sokn



Foldnes sokneråd



Per-Helge Refvik
Soknerådsleiar

Helsing frå soknerådsleiar

Året 2020 har vore svært prega av Covid-19 pandemien og alle smitteverntiltaka som det har vore naudsynt å innføre. Delar av arbeidet i kyrkjelyden har i periodar vorte lagt på is, og nokre arrangement har det ikkje vore

mogleg å gjennomføre. Til tross for dette har tilsette og andre medarbeidarar vore kreative og gjort en imponerende innsats for å få til alternative løysingar innanfor gjeldande reglar. Vi har halde gudstenester via digitale media, gjennomført utvalmøter som videokonferansar, hatt søndagsskule-turar i friluft og mykje anna.

Ein stor takk til alle som har vore med å bidra med å løyse nye utfordringar! Ved å halde arbeidet i gang hjelper vi kvarandre med å halde motet oppe. Vi ser alle fram til at også denne tida vil passere, og at verda vert meir normal igjen.

Heldigvis har vi ein Gud som alltid er med oss gjennom det som er, og ei tru som har plass til både dei gode og dei meir krevjande dagane. Dette ønskjer vi å famne i den nye visjonen for Foldnes kyrkje: Di kyrkje for alle dagar.

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har hatt 7 møter i løpet av året, og har handsama 85 saker.

Døme på viktige saker vi har arbeidet med har vore:

- vedtak av ny visjon

- etablering av ny ordning for givarteneste
- utnemning av ein utsmykkingskomite som har arbeidd med å gjere kyrkja vår enda vakrare
- utnemning av ein jubileumskomite som har førebudd jubileumsmarkering av kyrkja i Foldnes sitt 20-års jubileum i 2021
- arbeid med å starte opp eit nytt Gospelkor

Medlemmar i soknerådet

Soknerådet har i året hatt følgjande medlemmar:

- Maria Tveten (sokneprest)
- Per Helge Refvik (leiar)
- Olav Ingard Fjeldstad (nestleiar)
- Astrid A. Myskja
- Janne Mo
- Gunnar Innerdal
- Hein Kvalheim
- Harald Rød
- Renate Olsen
- Ole Hamre (1. vara)
- Trond Høvik (vara)
- Jan Terje Sønstabø (vara)
- Bjarne Skarestad (vara)
- Bjørn Arvid Straume (vara)

Arbeidsutvalet er samansett av Maria Tveten, Per Helge Refvik og Olav Ingard Fjeldstad.

Alle vararepresentantar får innkalling og har open invitasjon til å delta på møta. Første vara stiller fast på alle møta.

Soknepresten sin årsrapport



Maria Tveten
Sokneprest

Året som ligg bak oss, har vore utan sidestykke. Det byrja med ei stor fellesgudsteneste i Sotra Arena, i samband med samanslåing til ei stor kommune. Mange uttrykte stor glede over å vere så mange menneske samla til felles gudsteneste. «Dette må vi gjere oftare» sa fleire av dei 1700 som deltok.

Kontrastane til den store fellesopplevinga i Sotra Arena, til at gudstenestene blei utelukkande digital i mars og april, var enorm. Særleg kjende mange på eit stort sagn når dei ikkje kunne delta på påskekudstenestar i kyrkja si.


Statistikk

Å samanlikne tal frå statistikken i 2019 er dels interessant, dels irrelevant, men og litt sørgjeleg. Tala peikar i stor grad nedover og det var ikkje uventa. Nokre tal vert ikkje påverka av pandemien. Konfirmantkullet i 2020 var lågt. Ikkje berre fordi det generelt er eit lite kull i kommunen, men og fordi ei noko lågare prosent av dei døypte valde å konfirmere seg dette året. Dåpstalet har ikkje overraskande gått noko ned, men mindre enn vi kunne frykte. Gjennom året har vi hatt mange møte med familiar som finn tid og rom til å feire dåp, med berre ti personar til stades. Ei positiv overrasking er at talet på vigslar i soknet gjekk opp (frå 7 i 2019 til 13 i 2020), til tross for fleire valde å utsette vigsel.

Gudstenester

Det blei naudsynt å tenkje annleis om det å feire gudstenester. Vi har feira gudstenester som har vore utelukkande digitale, vi har hatt gudstenester med og utan nattverd, som har vore open for 20, 50 og 200. Nokre gudstenester vart forkorta og fleire søndagar har vi hatt både tre og fire gudstenester etter kvarandre. Vi har feila og samstundes har vi óg lært noko. Særskild er eg nøgd med grepa som blei tatt for at born skal kjenne seg heime i gudstenesta, når det ikkje kunne vere søndagsskule.

Fleire av oss måtte gå ut av komfortsona vår og lære oss å sjå inn i eit kamera. Læringskurva har vore bratt, men det er gledeleg at kyrkja har nådd breitt ut både lokalt og nasjonalt med dei digitale tiltaka.




Samtalar og sjelesorg

Fleire har hatt behov for samtalar med prest og diakon enn føregående år, og for min del har talet på sjelesorgsamtalar dobla seg i 2020. I Foldnes har vi og ei samling menneske frå kyrkjelyden som er del av ei besøksteneste. Dei har hatt kontakt med menneske gjennom året og vore heime hos dei når det har vore opna for det. Eg trur at denne omsorgstenesta vil bli meir og meir viktig i åra som kjem.

Di kyrkje for alle dagar

I april blei den nye visjonen for Foldnes kyrkje vedteken: Di kyrkje for alle dagar. Kyrkja tilhøyrar deg og den er der for alle dine dagar. Både dei dagane som er gode, dei vonde og alle dei imellom der. Vi tenkjer ofte at kyrkja er eit bygg, men endå meir enn eit bygg, er kyrkja samlinga av menneske som er døypte inn i fellesskapet. Vi er kyrkja - og vi deler budskapet om at Jesus er håpet i verda, alle våre dagar.

Årsrapport frå barne- og ungdomsarebidet



Elisabeth Møll Jung

Kyrkjelydspedagog

I løpet av dette året har vi blitt vande med å snu oss raskt. For kvart tiltak og arrangement som var tenkt å gjennomførast etter 12. mars, har vi grovt sett hatt tre val: Endre, utsetje eller avlyse. Det aller meste har blitt gjennomført i ei eller anna form. Det har vore viktig for

oss at tema og budskap for det einsskildet tiltaket framleis skulle vere i fokus, og at barn, ungdom og vaksne skulle oppleve seg sett og møtt. Både barn og vaksne er veldig taknemlege kvar gong vi kan møtast fysisk.

Ulike T-dagar, ulike løysingar

- T1 babysong og T1 dåpskurs: gjennomført med tilpasningar. Nokre dåpssamtalar skjedd digitalt.
- T2: Pakke i posten til dei påmeldte, og påskevideoar på Facebook/nettsida.
- T3, T5, T11: Utandørs arrangement, til dømes "drivethrough". T5: digitalt tilbod i tillegg.
- T4, T6, T7, T8, T9: Gjennomført nesten som vanleg.
- T10: Sporløp i Fjell kyrkje
- T12 LysVaken: Utsett til april 2021
- T13: Pakke i posten til dei påmeldte
- T14 Kickoff: Fordelt på mindre grupper

Samarbeid med skular og barnehagar

- Skulejulegudsteneste: Digitale med medverknad frå skulane
- Zippyvandring: Nyinspelt film som vi delte med skulane
- 3. klassebesøk: Gjennomført
- Utdeling av biblar til 5. klasse: Utgått pga læreplanendingar
- «Vandring gjennom bibelen»: Gjennomført på dei skulane som takka ja
- Påskevandring: Barnehagane fekk lenke til vår påskevandringfilm, og fleire delte denne vidare med foreldra
- Julevandring for barnehagar: Ny form og stor suksess

Kontinuerlege tiltak

- Søndagsskule: Åtte samlingar. På andre gudstenester: Borna fekk eit nett med blad, leikar og teiknesakar. Nokre turar.
- Barnegospel: Rakk nokre få øvingar før nedstenginga. Frå hausten vart barnegospelen vedtatt nedlagt.
- Lilleørdag og KM-Kluzz: Nokre samlingar i løpet av hausten, med påmelding



Beate Sørhus

Kyrkjelydspedagog

Ungdom

Mykje blei annleis i ungdomsarbeidet i 2020. Då koronaen kom gjorde ungdommar og ungdomsleiarar ein fantastisk jobb med å halde kontakten på nett. Ungdomslørdag laga «kirkevlogg» (talkshow sendt

frå Foldnes kyrkje) og TenSing hadde mange samlingar på nett, med både film, leik og underhaldning. Det var likevel veldig kjekt når vi endeleg kunne treffast igjen etter sommaren.

Hausten var prega av at smittesituasjonen varierte. Vi fekk likevel gjennomført jamnlege samlingar for både Ungdomslørdag, TenSing og Lillelørdag. Den årlege adventsfesten til FUNK blei Foldnes i år. På tross av at den blei mindre i både tid og omfang, var den like full av julestemning som alltid.

Mesteparten av konfirmantåret var over før koronaen kom, men Fasteaksjonen blei digital. På tross av at det ikkje blei banka på ei einaste dør, blei det samla inn over 60.000,- på Litlesotra. Konfirmasjonsgudstenestene blei flytta til september. I løpet av to helger blei alle 81 ungdommane konfirmert. I tillegg til dei 200 som kunne vere til stades i kyrkja, blei konfirmasjonane streama til vener og familie.

Diakonimedarbeidaren sin årsrapport



Ellen Ebbesvik

Diakonimedarbeidar

Året 2020 begynte så flott. Vi gledet oss til å kunne samles i Foldnes kirke til Treff på formiddagstid. Et sted hvor det er god tid til fellesskap med gode samtaler. God mat å nyte og et åndelig påfyll for livet og hverdagene.

I Januar hadde vi besøk av Kenneth Hjortland fra P7. Ellen Ebbesvik hadde andakt i februar. Denne dagen var det ekstra mye glad fellessang. I mars var presten vår, Maria Tveten, på besøk. Etter det ble det pause pga. Cov-19. Landet vårt stengte ned. I September er vi på igjen. Denne dagen med besøk av Erling Kopperud med temaet: «Symbolikken i Foldnes kirke». Vi hadde besøk av Roy Lerberg i oktober med temaet «Hva har jeg i deg, Jesus?» Maria Tveten var tilbake i november.

På disse treffene har det vært 194 mennesker innom.. Det er en flott gjeng av 4 frivillige som gjør en kjempeinnsats på disse treffene.

I august var det en diakonitur til Institutt for sjelesorg. En flott gjeng og vi hadde mye tid til å nyte og være ute i den flotte naturen – vi hadde 3 bibeltimer på disse dagene. En

dag med utflukt til Kistefoss, som er et sted full av kunst og skulpturer.



Besøktjenesten har vi så vidt kommet i gang med. Det er vanskelig å få til når det ikke er lov å gå på hjemmebesøk. Heldigvis så har vi noen som har sagt ja til dette.

Jeg selv har hatt noen hjemmebesøk og noen på tilrettelagt rom på kirkekontoret. Det har blitt en god del telefonsamtaler dette året.

Diakoniutvalget har nok ligget i dvale i 2020.

Organisten sin årsrapport



Aasmund Brekke

Organist

Gudstenester

Musikkarbeidet i gudstenester har følgt same mal som i tidlegare år, der ein legg vekt på eit variert musikalsk uttrykk, med bruk av både orgel, piano og band, og med forsongarar på kvar gudsteneste. På nokre av formiddagsgudstenestene

og dei fleste kveldsgudstenestene (Bibel, bøn og lovsong eller Ung messe) har det vore med band. Planlagte gudstenester på formiddagstid med eit spesielt fokus på musikk (ei gospelgudsteneste og ei jazzgudsteneste) måtte diverre avlysast, men vi fekk gjennomført ei gospelgudsteneste i juni.

I Foldnes kyrkje er det ei gruppe på omkring 12 frivillige forsongarar som byttar på på å leia salmesongen på så å seia alle gudstenester gjennom året. I tillegg har til saman rundt 10 frivillige musikarar og solosongarar medverka frivillig ved ein del av gudstenestene.

Elles har fleire kor/korps medverka på gudstenester gjennom året: Lukas Tensing, Musikklaget Fjellklang og delar av Sotra Storband.

Musikkarbeid på Ramp-samlingar

Arbeidet med musikk på Ramp-samlingane gjekk som normalt fram til 12. mars, etter det har det berre vore 2-3 samlingar, og både påske- og julekonsert måtte utgå. Organisten har det musikalske ansvaret, og får hjelp av eit fast husband med 3 musikarar som stiller som frivillige, pluss vekslende solistar, i 2020 har det vore med 5-6 solistar på frivillig basis.

Korarbeid

Foldnes Barnegospel øver annankvar tirsdag, og hadde fram til 12. mars omkring 9 medlemmer. Etter nedstenginga starta ikkje koret opp att før sommaren, og i august vart det bestemt at koret blir nedlagt inntil vidare.

Digital satsing

Eit viktig fokusområde i 2020 har vore arbeid med å finna fram til brukbare tekniske løysingar for streaming

av gudstenester, innkjøp av utstyr til dette, og praktisk utprøving av streaming og videoopptak.

Konsertar i kyrkja

Det har vore følgjande konsertar i Foldnes kyrkje dette året:

13.12: Ottesong med Fjell kulturskulekor (streaming)

17.12: Tider skal komme – julekonsert v/ Johannes Nøkling Aagaard m.fl. (støtta av Norsk Kulturråd med stimuleringsmidlar)

20.12: Vi syng jula inn (med publikum og live streaming)


21.12: Konsert med Ensemble Zelenka (støtta av Norsk Kulturråd med stimuleringsmidlar)

Mange andre planlagde konsertar er blitt avlyst, både av våre eigne arrangement og utleigekonsertar.

Mannskoret Avogtil øver av og til, og har sunge på to gudstenester (17. mai og 1. juledag) og på Vi syng jula inn.




Statistikk for Foldnes sokn



Søyla viser det totale talet deltakarar på gudstener i Foldnes sokn per år.

Annleisåret 2020 har ei nedgong på 53%, men realiteten er at nedgongen er større. I starten av 2020 feira vi kommunesamanslåing i Sotra Arena med 1700 deltakarar. Dei tellast med i soknet kor fellesgudstenera finn stad. Det eigentlege talet er altså 4852 og nedgongen vert dermed 60%



Det totale talet på døypte i Foldnes kyrkje per år.

Deltakarstatistikk for barne- og ungdomsarbeid 2020 (og 2019)

Alder	Tiltak	2020	2019
0	T1 Dåpskurs	80 %	70 %
0-1	T1 Babysong	13 %	18 %
2	T2 Myldredag med påsketema	16 %	0 %
3	T3 Utsending lydbok/inv. til gt	0 %	21 %
3	T3 Utdeling av adventsbok	13 %	0 %
4	T4 Utdeling av 4-års bok	14 %	32 %
5	T5 Den gode gjetaren	13 %	11 %
6	T6 Skulestartdag	15 %	8 %
7	T7 Pilegrimsvandring	2 %	1 %
8	T8 Tru i heimen	9 %	10 %
9	T9 I det godes teneste	29 %	18 %
10	T10 Tweens "Saman"	25 %	16 %
11	T11 På sporet av Jesus	17 %	14 %

12	T12 Lys Våken!	0 %	9 %
13	T13 Forsoning- hæg?	2 %	0 %
14	T14- Konfirmant Kick-off	95 %	81 %
15	T15 Konfirmasjonstida	81 %	94 %
16-18	T16,17,18 Adventsfest	10 %	6 %
	Totalsum	27 %	27 %

1. Dei to tiltaka som heiter noko med T3, er eigentleg same tiltaket som har skifta namn frå 2019 til 2020. Desse to radene bør altså sjåast i samanheng.

2. Arrangementa T13 og T2 vart avlyst på svært kort varsel. Dei skulle ha vore gjennomført rett etter den fyrste nedstenginga i mars. Dei som allereie hadde rukke å melde seg på før nedstenginga, fekk eit brev og ei gåve frå oss i posten. Desse personane er dei prosentane som står i tabellen. I tillegg vil alle i desse to kulla få invitasjon til T13 eller T2 i 2021. Denne gongen vil T13 og T2 bli gjennomført utandørs og etter gjeldande smittevernreglar.

Foldnes sokneteam

Dei tilsette som har arbeidsoppgåver knytt til Foldnes sokn er organisert i eit team med følgjande mandat:

- Sokneteamet er lokalt forankra, og arbeider for å byggje den lokale kyrkjelyden.
Sokneteamet skal:
 - » Prioritere arbeidet i tråd med både soknerådet og fellesrådet sine planar og vedtak
 - » Samarbeide med sokneråda og frivillige
 - » Sikre god kommunikasjonsflyt mellom tilsette og sokneråd/frivillige
- Sokneteamet skal halde visjon og verdiar levande i soknet
 - » Sokneteama skal evaluere og reflektere over praksis i lys av visjon og verdiar
- Sokneteamet skal arbeide fagleg inn mot kvart sokn.
 - » Sokneteama skal vere tverrfagleg samansett. Det faglege inn mot kvart sokn skal tydeleggjerast
- Sokneteama skal ved behov samarbeide på tvers av soknegrensene
 - » Ingen tilsette er fastbundne til berre ein kyrkjelyd. Den enkelte medarbeidar kan gjere teneste i heile fellesrådsområdet.

Medarbeidarane i Foldnes sokneteam er:

Medarbeidar	Stilling
Maria Tveten	Sokneprest
Mathilde Karin Dale	Soknetamleiar og personalkonsulent
Aasmund Brekke	Organist
Line Steinsland Mosnes	Administrasjonskonsulent
Elisabeth Møll Jung	Trusopplærar
Beate Sørhus	Kyrkjelydspedagog
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar og kyrkjetenar
Ingjerd Hauge Johansen	Kyrkjetenar
Knut Erling Gammelsæter	Ungdomsarbeidar
Malene Mortensen	Ungdomsarbeidar

Desse medarbeidarane har eit særskilt ansvar knytt til Foldnes sokn, men dei fleste arbeider også på tvers av soknegrensene. Soknerådet finansierer sjølv fullt ut den sist nemnde ungdomsarbeidarstillinga.

Andre ressursar inn mot Foldnes sokn er alle seksjonsleiarane, fleire tilsette i seksjon for administrasjon, informasjonskonsulent, rådgjevar og kyrkjeværje. Nært samarbeid om trusopplæringa mellom Fjell, Landro og Foldnes sokn, gjer at det også er store ressursar frå seksjon frå barn og unge, i tillegg til dei som er med i sokneteamet.

Årsrekneskap for Foldnes sokneråd 2020

Foldnes sokneråd har lagt bak seg eit annleis år, også økonomisk. Både utgifter og inntekter ligg ein del under det som var budsjettert for året. Vi ser at gode gåveinntekter dette året, gjer det mogleg å få dekkja inn eit tidlegare underskot på kr 9 983,- og at soknerådet kan setje av eit samla overskot på kr 40 445,-.

Foldnes sokneråd har hatt kr 364 760,- i utgifter og kr 484 587,- i inntekter. Dette gjev eit positivt resultat før avsetjingar til fond på kr 124 224,-. Foldnes sokneråd set av kr 93 991 til ulike fond; prosjekt lydanlegg, RAMP, Basargruppa, diakonalt arbeid og utsmykking. Etter dette er det eit overskot på kr 40 445,- som soknerådet kan disponere.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støttet Foldnes sokneråd på mange ulike måtar i 2020.

